



STIMERKING I VOLDA

Oppsummering frå oppstartsmøte 26.06.2018

Det var omlag 12 personar til stades.

Presentasjonsrunde – motivasjon for å delta. Nokre stikkord:

- Går ein del tur, ser behov for merking
- Ser nytten av merking når ein sjølv er på nye plassar
- Mange nye kvart år (studentar o.a.) som har behov for merking
- Viktig for Volda å ha godt merka turstiar
- Trygg ferdsel; hindre at folk går seg ville, ikkje finn fram
- Ønsker å bidra både på organisert merking, men også merke når ein likevel skal på tur

Kva er kommunen og Friluftsföreninga sine roller?

Kommunen v/Torgeir Stensø: Kommunen har utstyr til merking; skilt, merke til å henge i tre, merke til å slå ned i myrområde, spett, slegge, boremaskin, skruar..

Koordinerer arbeidet, retningslinjer for merking

Friluftsföreninga Volda (FFV) v/Runa Bakke: Foreninga skal bidra til friluftsliv for alle. Har ulike faste aktivitetar. Har registrert at det er behov for merking, m.a. i samband med turorienteringa. Mange som er ukjende. FFV er registrert i Brønnøysundreg., kan stå som søker av midlar, dersom det vert behov for det

Merking – retningslinjer

Merke nok, men ikkje for mykje. Meir merking der det er utydeleg **sti**, mindre der det er tydeleg sti. Merke godt der det er tvil om stival/retning.

Torgeir fortalde litt om felles merkemal for Volda/Ørsta:

- Store merkepinnar – desse er tenkt på myrområde
- Småpinnar til å henge i trea. Feste med grøn stålstreng
- 12 cm gjerdestaur til å feste skilt. Skilt kan også skruast fast i tre
- På snaufjellet; helst bruke varding
- Merkekurs med Friluftsrådet? Torgeir sjekkar
- Skilt – må angi avstand til målet. Måle opp med gps

Kan klippe vegetasjon som veks inn i eksisterande stiar

Legge vekt på ein viss estetikk i merkinga (henge opp skilt beint osv..)



STIMERKING I VOLDA

Merking – organisering

- Starte med eksisterande stiar
 - Sjå merkearbeidet i samanheng med stiar som er merka på turkart Volda, morotur.no og Stikkut!
 - Kommunen har ein god del skilt som skal ut. Prioritere desse
 - Runa er kontaktperson i FFV
-
- A. Merke eksisterande stiar med merke i tre eller merkepinnar i bakken
 - a. Dette kan ein gjere på eiga hand. Meld inn i gruppa på fb kva sti du har merka. Runa legg inn i turkart Volda kva for stiar som er merka.
 - b. NB! Merk deg kvar det bør opp skilt.
 - B. Dugnad når skilt skal opp
 - a. Kontaktpersonane kallar inn/annonserer dugnad i fb-gruppa
 - b. Kontaktpersonar får info frå Torgeir om kvar det er kjøpt inn skilt

3 prioriterte område i 2018

Niven og sykkelruta

- Oddvar kontaktperson.
- Oddvar får info om kva skilt som alt er innkjøpt. Starte med desse

Rotsethornet → vidare bakover

- Ingen kontaktperson melde seg.
- Rotsethornet – Høgedalen – Humbersetseætra.....
- Det ligg blå merkepinnar ved stidele Lisjedalen/Høgedalen. Male desse raude

Høgdebassenget → Heltnelihuken m.m.

- Per Ernst og Berit – kontaktpersonar
- Har ein plan/tankar som dei involverer Torgeir i

Ymse

- Runa sjekkar om læringscenteret kan bidra med bæring av utstyr
- Runa kontaktar Møre om merkearbeidet som no har starta